

**Innkalling til møte**

Bykle, 27.04.20

Du kallast med dette inn til møte i

**Utval** Bykle Sokneråd  
**Møtedato** 29.04.2020  
**Møtetid** kl. 18:00  
**Møtestad** webmøte Teams

Meld snarast frå om eventuelt forfall.

Varamedlem utanom 1.varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Kristine Borgen (sokneprest), Bernt Einar Berntsen (leiar), Signe Lillemo Mundal (nestleiar), Kristian Dypedal (medlem), Aud Hanna Standal Skagestad (medlem), Marianne Breivegen (medlem), Anne Margrete Malme Bjåen (medlem), Kjell Hagestad (1.vararepresentant), Kari Herdis Heim-Pedersen (2.vararepresentant), Kjell Dahl (3.vararepresentant), Ole Morten Egeland (4.vararepresentant), Jette Lykke Michelsen (4.vararepresentant), Lars Erik Domaas (kommunens representant), Thor Bernhard Sagland (vara kommunens representant).

Leiar i jubileumsnemnd Else Gyro Rysstad og organist Henrik West er også innkalla i samband med sak om 400-årsjubileum.

Opning v/Bernt Berntsen  
Servering -

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling

**Meldingssaker****001 Soknerådsleiar orienterer**

- Eventuelt

**002 Kyrkjeverje orienterer**

- Eventuelt

**Vedtaksaker**

Sak 019/20 400-årsjubileum Bykle gamle kyrkje, korona

Sak 020/20 Aktivitet i soknet, korona

Sak 021/20 Informasjonsdeling frå kyrkja

Vel møtt!

**Komande møte**

Soknerådsmøte onsdag 27.mai kl 18.00 på Teams  
AU-møte tysdag 19.mai kl 19.00 på Teams

Bernt Einar Berntsen Tor Hallvard Mosdøl  
Soknerådsleiar Kyrkjeverje

---

**Adresse**  
Sarvsvegen 14  
4754 Bykle

**Tlf**  
37938570

**E-post/Internett**  
[post@bykle.kyrkja.no](mailto:post@bykle.kyrkja.no)  
[www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

**Bankkonto / Org.nr**  
2835.20.04385  
976 992 490



## SR-sak 19/20 400-årsjubileum Bykle gamle kyrkje, korona

### Saksutgreiing

Feiring av 400-årsjubileum for Bykle gamle kyrkje er planlagt i tida 5-13 september. Det er usikkert i kva grad jubileumsfeiring kan gjennomførast, i samband med koronaviruset. Etter signala som vert sendt frå folkehelsemyndigheitene, vil det truleg vere restriksjonar på større folkesamlingar også utover hausten 2020. Det skal kome nye retningslinjer frå Kulturdepartementet for arrangement under 500 deltakarar 30.april. Det kan difor argumenterast for at ein bør utsetje saka. Samstundes er det viktig at ein har moglegheit og tid til å planlegge noko som faktisk kan gjennomførast.

Det er eit alternativ å utsetje jubileumsfeiring med folkearrangementdelen til 2021. Jubileumsnemnda arbeider med eit jubileumsskrift, som kan gjevast ut i 2020, uavhengig av restriksjonar. Kyrkjeverja har forstått det slik at det har vore tale om å sende skriftet ut til alle husstandar i kommunen. Det kan vere delar av jubileumsfeiringa som kan gjennomførast som planlagt. Soknerådet drøftar evt om, kva og korleis dette kan skje.

Else Gyro Rysstad og Henrik West deltek i drøftinga, som medlemer av jubileumsnemnda.

### Framlegg til vedtak

Jubileumsfeiring for Bykle gamle kyrkje utsetjast til 2021. Soknerådet drøftar om delar av feiringa som kan gjennomførast i 2020.



## SR-sak 20/20 Aktivitet i soknet, korona

### Saksutgreiing

Mykje av kyrkjeleg aktivitet i soknet er redusert eller endra på grunn av restriksjonar i samband med korona. Diakon Per Emanuelen gjer sitt arbeid hovudsakleg på telefon heimefrå. Andre tilsette brukar i stor grad heimekontor, så langt det let seg gjere. Det arrangerast ikkje gudstenester eller trusopplæringsarbeid. Det har blitt lagt ut nokre andaktar og lenkjer til gudstenester og liknande på kyrkja si Facebookside. Konfirmasjon er førebels utsett til hausten, noko som truleg må vurderast på nytt korleis kan gjennomførast. Det vart forsøkt å gjennomføre «open kyrkje» eit par timar i kvar kyrkje i påska, men dette vart avslage av kommuneoverlegen.

I intern kommunikasjon og planlegging, er Teams eit verktøy som kyrkja no er i gong med å gjere seg kjend med og utnytte best mogleg.

Soknerådet drøftar kva ynskje og moglegheiter som finst for å gjennomføre alternativ kyrkjeleg aktivitet i tida frametter. Det har blitt arrangert «Drive-in»-gudstenester bl a i Vennesla. Soknerådet drøftar også på kva måte kan kyrkja vere til stade medmenneskeleg/diakonalt, i ei vanskeleg tid med avgrensa sosial kontakt for mange.

### Framlegg til vedtak

Soknerådet drøftar saka, og spelar inn aktuelle framlegg til administrasjonen.



## FR-sak 21/20 Informasjonsdeling frå kyrkja

Det har kome ein henvendelse frå soknerådsleiar i Valle, der det vert føreslege å ta opp att utgjeving av kyrkjelydsbladet Vegleiaren. Det visast til at det er signalisert interesse for dette i Valle, og sokneråda i Bykle og Valle vert bedne om å vurdere ein restart av kyrkjelydsbladet. Eit kyrkjelydsblad er nok dei fleste enige om at er positivt.

Det er 4-5 år sidan siste nummer av Vegleiaren kom ut. Det er ressurskrevjande for kyrkja å gje ut bladet, sidan det aller meste vart gjort av kyrkjeleg tilsette. Det vart forsøkt å engasjere frivillige til redaksjonen før utgjeving stoppa, men dette lukkast ikkje i særleg grad. Dei aller fleste kyrkjelydsblad i Noreg vert drifta av frivillige. Økonomimodellen for Vegleiaren var tidlegare at lesarar gav gåver til bladet. Denne finansieringsmåten er ikkje berekraftig lengre, og det førte til at dei siste åra blei det tilført rundt 50.000 kroner frå kyrkjebudsjetta i Bykle og Valle og arbeidstid til skriving, for å drifte bladet. Finansiering gjennom annonser vart drøfta, men ikkje sett ut i livet.

Siste åra har internett blitt ein stadig viktigare kanal for informasjonsdeling frå kyrkja si side. Pr april 2020 har Facebooksida til kyrkja i Bykle og Valle 656 fylgjarar, og talet på fylgjarar aukar kvart år. I løpet av våren kjem ei ny og oppdatert heimeside for kyrkja i Bykle og Valle, der mykje informasjon kan leggast ut. Det kommuniserast også ein del gjennom Byklaren og noko med avisannonser.

Når det gjeld Byklaren/Bygdenytt ynskjer staben å gå i dialog med kommunane i Bykle og Valle, for å få ein meir fast layout på informasjonen som kjem frå kyrkja. Ei løysing er at kyrkja har ei eiga fast side i dei to kommunale bygdeblada, med fast layout. Med ei slik løysing har kyrkja moglegheit til å dele meir enn kun komande arrangement, men også til dømes legge inn nokre bilete og tekst frå kyrkjeleg aktivitet som har skjedd siste tida. Ein kunne dele same informasjon i dei to bygdeblada, og på den måten knytte saman kyrkjelydane og oppfordre til å delta på arrangement i nabosoknet. For kommunane sin del, kunne det vere arbeidsbesparande om dei fekk eit ferdig oppsett frå kyrkja, som dei la rett til trykking.

Til orientering vert gamle utgåver av Vegleiaren tilgjengeleggjort digitalt i løpet av 2020, på eigna måte på internett.

Viss soknerådet i Bykle ynskjer å ta opp att drifta av kyrkjelydsbladet, bør det leggast til grunn at det er eit sterkt engasjement i kyrkjelydane bladet, og at frivillige tek ansvar for drifta.

### Framlegg til vedtak

Bykle sokneråd tek ikkje opp att utgjeving av kyrkjelydsbladet Vegleiaren. Soknerådet bed kyrkjeadministrasjonen ta kontakt med Bykle og Valle kommunar og gå i dialog om noko større plass, med fast layout, i bygdeblada i Bykle og Valle. I tillegg er Facebook og heimeside viktige digitale kanalar å bruke og utvikle vidare.



DEN NORSKE KYRKJA  
Bykle sokn

**SR-sak 22/20 Eventuelt**